



Trondheim, 03.02.2021

Norges Vassdrags- og Energidirektorat  
[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

### **Spørsmål om miljøinformasjon**

Vi viser til miljøinformasjonslova, og til ny rettleiar for miljøinformasjonslova<sup>1</sup>, og ber om følgjande miljøinformasjon:

*Kor stort utslepp av klimagass (CO<sub>2</sub>-ekvivalentar) kjem frå vindkraftanlegget på Storheia i Åfjord kommune gjennom konsesjonstida (25 år) på grunn av arealbruksendringar og bearbeiding av jordsmonn?*

For å konkretisere ytterlegare: Inngrep i myr, jord, skog.

NVE har tidlegare operert med 20 g CO<sub>2</sub>-ekv/kWh som CO<sub>2</sub>-faktor for vindkraft, utan at dette er konkretisert til spesifikke norske kraftverk<sup>2</sup>. Talet ser ut til å vera eit gjennomsnitt av internasjonale utgreiingar, som ikkje tek omsyn til norske tilhøve.

Vi siterer frå NVEs rapport 17/2019 «*Temarapport om klimaavtrykk og livssyklusanalyser*<sup>3</sup>»:

*«En kilde til klimagassutslipp som ikke nevnes i livssyklusanalysene, er utslipp relatert til arealbruksendringer og bearbeiding av jordsmonn. Utbygging av vindkraft medfører arealbruksendringer i form av blant annet anleggsveier og oppstillingsplasser ved turbinpunktene. Organisk jord lagrer store mengder karbon, og dersom dette bearbeides kan det oppstå utslipp av klimagasser. Bearbeiding av myr kan medføre frigjøring av metan og lystgass som har ligget lagret i det organiske materialet. Drenering av myr kan føre til at den biologiske nedbrytningsprosessen øker, og det vil dermed slippes ut mer CO<sub>2</sub>.*

*NVE er ikke kjent med at det er gjort undersøkelser av klimagassutslipp fra bearbeiding av jordsmonn i forbindelse med anleggsarbeid ved bygging av vindkraft.»*

Med andre ord ser det ikkje ut til at NVE har stilt krav til kunnskap om utslepp av klimagass frå «arealbruksendringer og bearbeiding av jordsmonn».

Nyleg er det offentleggjort ein rapport om store, for ikkje å seia enorme, utslepp av klimagass ved bygging av «ferjefri E39» på grunn av inngrep i myr/ jord/ skog. Dette viser at det er viktig å ha kunnskap om slike utslepp.

---

<sup>1</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veileder-til-miljoinformasjonsloven/id2829895/>

<sup>2</sup> Nasjonal varedeklarasjon 2018, NVE 26.06.2019. (Utrekninga ser no ut til å vera sletta frå NVEs sider)

<sup>3</sup> <https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201903419/2731441>

Som ansvarleg myndigheit for utbygging av vindkraft, har NVE ansvar for å vite kva det blir gjeve løyve til når det gjeld utslepp av klimagass. Vi reknar difor med at det er NVE som har ansvar for å svare på

Det er mykje nedbør i Trøndelag, og dermed mykje myr og vasshaldig jord. Kor tjukke myrene er, varierer mykje. Dei kan vera mange meter djupe, og ikkje minst gjeld det i Trøndelag. Vurdering av utslepp av klimagass frå inngrep må difor bli gjort for konkrete prosjekt for at det skal ha verdi.

Med helsing

Magne Vågsland

Leiar Naturvernforbundet i Trøndelag

Mads Løkeland-Stai

Styremedlem Naturvernforbundet i Trøndelag